

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 12.01.2015

Vår ref.: 201200880-16, 200904056-17, 200806622-12,  
201003706-11, 200905878-13, 201101388-13,  
201000223-11

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamarar:

Helen Nathalie Liebig-Larsen 22 95 98 95

Auen Korbøl 22 95 93 44

Silje Aakre Solheim 22 95 95 44

## Høyringsbrev

### **Fleire søkjarar – Søknadar om løyve til å byggje 7 småkraftverk i Aurland, Vik, Høyanger og Balestrand kommunar, Sogn og Fjordane - høyring**

NVE har mottatt søknader frå fleire søkjarar om løyve til å byggje 7 småkraftverk i Aurland, Vik, Høyanger og Balestrand kommunar. Søknadane skal behandlast samstundes, og samla belastning for området skal vurderast. NVE ønskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla.

#### **Skjerdal kraftverk – Skjerdalskraft AS – Aurland kommune**

Skjerdal kraftverk vil nytte eit fall på 653 m i Storelvi mellom kote 655 og kote 2. Vassvegen på 2600 m vil i hovudsak vere nedgravne røyr. Det er behov for 400 m ny veg som tilkomst til kraftstasjonen. I anleggsperioden nyttar ein røyrkata som anleggsveg, og ein vil i tillegg ruste opp eksisterande traktorveg. Middelvassføringa i Storelvi er 580 l/s og kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne på 1300 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 7,1 MW og vil etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 20,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 3 km lang strekning i Storelvi. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 90 l/s om sommaren og 30 l/s om vinteren. Det er i søknaden også gjort greie for eit alternativ 2 der fallet i Storelvi er delt opp i to kraftverk.

#### **Kvammadalselvi kraftverk – Kvammadalselvi kraftverk SUS – Aurland kommune**

Kvammadalselvi kraftverk vil nytte eit fall på 398 m frå inntaket på kote 854 ned til kraftstasjonen på kote 460. Sidebekken Vetlebotna er planlagt overført til inntaksdammen i Kvammadalselvi med eit 25 m langt røyr. Vassvegen blir drygt 2200 m lang, og skal gravast ned på sør-austsida av elva. Det er også lagt fram eit alternativ med vassveg nord-vest for elva. Frå fylkesvegen og fram til inntaket er det

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

#### **Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

#### **Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

#### **Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

#### **Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### **Region Vest**

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

#### **Region Øst**

Vangsvieien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

planlagt ein ca. 160 m lang veg. I tillegg skal det byggast ein 300 m lang ny veg som tilkomst til kraftstasjonen. Middelvassføringa i Kvammadalselvi er 700 l/s, og kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne på 1550 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,2 MW og etter planane produsere 14 GWh i eit middels år. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ein 2440 m lang strekning i Kvammadalselvi. Det er planlagt å sleppe minstevassføring på 233 l/s om sommaren og 31 l/s om vinteren.

#### **Tura kraftverk – Tura Kraft AS – Vik kommune**

Tura kraftverk vil nytte eit fall på 277 m i Tura mellom kote 654 og kote 377. Det er i tillegg søkt om å overføre vestre løp i elva frå kote 730 over i austre elveløp på kote 680. Vassvegen på 705 m og overføringsleidningen på 110 m skal gravast ned heile vegen med unnatak av ei elvekryssing under bru. Det er behov for ny veg som tilkomst til rørgatetrasé og inntak. Middelvassføringa i Tura er 450 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 900 l/s. Kraftverket vil få ein installert effekt på 2,2 MW, noko som i følgje søknaden vil gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 6,6 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ein ca. 1200 m lang strekning i elva Tura. Det er planlagt å sleppe minstevassføring på 32 l/s heile året.

#### **TVK kraftverk – Norges Småkraftverk AS – Vik kommune**

TVK kraftverk skal nytte eit fall på 490 m mellom kote 500 og kote 10 i Tuftelvi/Kolåselvi. Det er i tillegg søkt om å overføre vatn frå Vigdalselvi på kote 530 til hovudinntaket i Tuftelvi. Vassvegen på 2885 m skal i heilskap borast i fjell. Det er ikkje behov for ny veg i samband med tiltaket, men det må etablerast ei avkøyrsløp frå Fv 182 som tilkomst til kraftstasjonen. Middelvassføringa ved hovudinntaket etter overføring er 578 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1202 l/s. Kraftverket vil få ein installert effekt på 5 MW, noko som i følgje søknaden vil gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 16,6 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på totalt 3425 m elvestrekning i Vigdalselvi, Tuftelvi og Kolåselvi. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på høvesvis 25 l/s og 15 l/s i Vigdalselvi og Tuftelvi om sommaren og 12,5 l/s og 7,5 l/s i vinterhalvåret.

#### **Kråkeelvi kraftverk – Sognekraft AS – Balestrand kommune**

Kråkeelvi kraftverk vil nytte eit fall på 680 m mellom inntaket på kote 695 og kraftstasjonen på kote 15, i Kråkeelvi. Det er også søkt om å regulere Isvotni med ca. 2 m. Vassvegen vil etter planen bli 695 m lang, fordelt på 270 m tunell og 425 m nedgraven rørgate. Vassvegen vil gå på nordsida av elva. Det skal byggast ca. 150 m ny veg på austsida av Daleelvi fram mot kraftstasjonen. Middelvassføringa i Kråkeelvi er 430 l/s, og kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne på 880 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,98 MW, og etter planen gje ein årleg produksjon på ca. 19 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ein 1700 m lang strekning i Kråkeelvi. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 30 l/s frå Isvotni heile året. Søkjar har ikkje planlagt å sleppe minstevassføring frå inntaksdammen.

#### **Brekka kraftverk – Sognekraft AS – Balestrand kommune**

Brekka kraftverk vil nytte eit fall på 665 m i Teigselvi mellom inntaket på kote 667 og kraftstasjonen på kote 2. Det er i tillegg søkt om å regulere Brekkevatnet med ein meter, og om å overføre vatn frå Teigelvi, Bolstadelvi og Brekkeelvi til Brekkevatnet. Vassvegen mellom inntaket i Brekkevatnet og kraftstasjonen blir 1420 m lang. Den øvste delen av vassvegen vert lagt som røyr i grøft. Mellom kote 650 og 250 er vassvegen planlagt å ligge i dagen. Den nedre halvdel av vassvegen skal gravast ned. Ved kryssing av Brekkeelvi på kote 180 skal røyret gå i grøft under elva. For overføringane vil det bli nytta fullprofilboring. Det er behov for ny veg som tilkomst til kraftstasjonen og fram til kote 230. Middelvassføringa ved inntaket i Brekkevatn etter overføring er 310 l/s og kraftverket er planlagt med ei

maksimal slukeevne på 800 l/s. Kraftverket vil få ein installert effekt på 4,4 MW, noko som i følge søknaden vil gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 12,53 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ein samla strekning på 4550 m i Teigelvi, Brekkelvi og Bolstadelvi. Det er planlagt å sleppe minstevassføring sommar og vinter tilsvarende 29/15 l/s i Bolstadelvi, 4/0 l/s i Teigeelvi, 6/3 l/s i det nordre og 8/4 l/s i det søndre løpet i Brekkelvi.

### **Dyrdalselva kraftverk – Dyrdal Kraft AS – Høyanger kommune**

Dyrdalselva kraftverk skal nytte eit fall på 260 m mellom kote 265 og kote 5 i Dyrdalselva. Det er i tillegg søkt om å overføre vatn frå Aurebotnelva på kote 270 til hovudinntaket i Dyrdalselva. Vassvegen på 1700 m skal i heilskap leggas som rør i grøft. Det er behov for 600 m ny veg opp til inntaket. Middelvassføringa ved hovudinntaket etter overføring er 790 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1800 l/s. Kraftverket vil få ein installert effekt på 3,85 MW, noko som i følge søknaden vil gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 11,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på totalt 1780 m elvestrekning i Dyrdalselvi og Aurebotnelva. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på høvesvis 120 l/s om sommaren og 80 l/s om vinteren i Dyrdalselva.

Det er også søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Dyrdalselva kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinje.

Søknadane skal behandlast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal også vurderes etter forskrift om konsekvensutredninger etter sektorlover. Søknadane med vedlegg blir lagt ut på [www.nve.no/konsesjonsaker](http://www.nve.no/konsesjonsaker), og den blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa er vedlagt. Dersom høyringspartane ønskjer papirutgåve av søknadane, kan de kontakte Helén Liebig-Larsen på tlf. 22 95 98 95 eller e-post: [hnl@nve.no](mailto:hnl@nve.no)

Vi ber Aurland kommune om å legge to eksemplar av søknadene ut til offentleg ettersyn ved Rådhuset, og Vik kommune om å legge to eksemplar av kvar søknad ved kommunehuset. I Balestrand kommune skal det leggest to eksemplar ved Rådhuset og biblioteket, og i tillegg éin søknad ved Nesse oppvekstsenter og Fjordtun oppvekstsenter. Vi ber Høyanger kommune om å legge ut to søknadar ved Høyanger bibliotek og plan- og utviklingsavdelinga på Leira, og i tillegg éin søknad på butikken i Bjordal. Søknadane skal ligge ute til offentleg ettersyn fram til **12.04.2015**. Der det ligg to eksemplar av søknaden kan det eine, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi viser elles til vedlagte informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring fram til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva tilbakemelding vi ønsker.

NVE føretrekkjer at uttalar vert sendt oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonsaker](http://www.nve.no/konsesjonsaker) så snart som mogleg og seinast **12.04.2015**. I tillegg kan uttalar sendast per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Uttalelen eller delar av uttalelen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalelen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Helen Nathalie Liebig-Larsen  
overingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*



Vedlegg: Søknadene (til kommunene)  
Kunngjøringstekst  
Informasjonsark  
Oversiktskart

Mottakerliste:

Aurland Energiverk AS  
Aurland Fjellstyre  
Aurland kommune  
Aurland turlag  
Balestrand kommune  
Balestrand og Høyanger Turlag  
BKK Nett AS  
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
Dyrdalselva kraftverk  
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Høyanger kommune  
Kvammadalselvi kraftverk  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
NHO Reiseliv Region Vest-Norge  
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane  
Norges Miljøvernforbund  
Norges Padleforbund  
Norges Småkraftverk AS  
Norsk Kraft AS v/Bård Moberg  
Norsk Ornitologisk Forening Sogn og Fjordane  
SFE Nett AS  
Skjerdalskraft AS v/Harald Skjerdal  
Sogn og Fjordane Bondelag  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Sogn og Fjordane Turlag  
Sognekraft AS  
Sognekraft AS v/Kåre Fosse  
Statens Vegvesen Region Vest  
Tura småkraftverk  
Vik kommune